

# Møtereferat

**Møte:** Tlf møte AU Midt-Norge  
**Tid/Sted:** Torsdag 22.06.17 kl 12.30 – kl 14.00  
**Tilstede:** Lars Morten Rosmo, Olav Håkon Ulfnes, Sverre Tyldum, Trude Sandstad Eldnes, Kolbjørn Frøseth, Johan Kristian Daling, Ragnar Valstad og Oddveig Gikling-Bjørnå  
**Forfall:** Roy Albertsen  
**Kopi til:** Vara AU, leiargruppa region Midt og Tor Olav Brandtzæg  
**Referent:** Brit Kari Eidsefot Hauger

Molde, 22.06.2017

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	<b>Orientering frå styremøte 20. – 21.06</b> Oddveig orienterte med oppfølging frå forrige møte: Trine ynskjer tlf møte med RU-leiarar og nestleiarar i forkant av styremøta. Samarbeidsråda under evaluering, arena for AU. Viktig at RU-leiar finn sin posisjon i næringsplitisk verksemd i regionenen. Samfunnsrekneskapet er viktig å bruke i regional info.  Totalmarknad: Storfe: Redusert underknning pga redusert sal, m.a. pga auka sal av lam. Stor og god fart i ammekuproduksjonen, jobbar med langtidsprognose. Nye importkvoter utan toll er vedtatt av Stortinget. Sau/lam: Selt 30 % meir lam så langt i år. Eksportavtale på 600 tonn sau, godt over halvparten av lager. Gris: Målprismodell inntil annan beskjed er mottatt, håpar forhandlingane gjev oss ut 2020. Jobba med handelsavtale med Kina om eksport av plussprodukt. Stykningsdelar eksportert som vi kan innanfor kvote, ein god del heil gris på lager. Egg: Reguleringslager vore litt høgt, førtidsslakting pga lågare sal i sommar. 64 produsentar har teikna seg for overgang til frittgåande produksjon av behovet på 84. Kylling: Kylling: Krevjande, slit med å nå volumambisjonane, nødvendig å få i land nye avtaler på salg.  Konsernrappoart 1. tertial: Ligg under budsjett, som er ambisiøst. 5 mill betre enn i fjar. Liten auke i merkevaresalet. Auka sal av pølser og bacon. Pålegg nedgang. Coop har nye pakningar som liknar veldig på våre...Høgare personalkostnader enn budsjett, m.a. pga auka skjering. Grillsortimentet er enormt, med spesielle seriar til alle kjedene.  Leveringsgrad Coop: Har vore for dårlig, begge partar må forbetre seg.  Strategi: 5 hovudpunkt som det skal fokuserast på.	

Spørsmål/kommentarar:

- Er det Totalmarknad eller Nortura som kommuniserer marknadssituasjonen for storfe?
- Ugunstig situasjon dersom vi kjem i ein overkotssituasjon på storfe, også for dei andre dyresлага.
- Godt jobba med eksport av sau :-) Må kommuniserast ut den jobben som Nortura har gjort, er gladsak.
- Krise for Nortura på kylling no i forhold til sal. Nortura må sikre seg betre marknadsadgang, i samsvar med volumet for heile landet. Fagutvalet saknar eksakte tal, berre totalmarknadstat for fersk kylling. Hittil i år har ikkje marknaden for Nortura vokse. Må klare å auke salet, viss ikkje må det setjast i verk tiltak for å redusere kostnader.
- Kyllingprodusentane har behov for å verte tatt på alvor.
- Skuldast resultatet betre sal eller redusert kostnad?

- Svar: Betre sal, inkl merkevarer.
- Strategi: Marknadsadgang og alliansar er viktig å ha fokus på.

**Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.**

---

- 2 **Innspel til høyringsnotat frå Norsk Landbruksvirke om samarbeidsråda**  
Høyringsnotat var utsendt. Lars Morten har vore leiar i samarbeidsrådet i Midt-Norge i 8 år. Er positiv innstilling i notatet. Skilnad i økonomi: Samarbeidsrådet har peika på dette, må vere likebehandling. Forslaget til tiltak positivt. Samvirke må engasjere seg meir i samarbeidsråda.

Innspel:

- Olav Håkon er ny leiar i samarbeidsrådet, som vara for Trine. Økonomi: Får ikkje kompensasjon for administrativ ressursbruk. Forslaget vil løyse dei utfordringane som samarbeidsrådet har. Vert lite aktivitet no pga økonomi. Politikarmøte til hausten utsett.
- Burde vore heftig aktivitet i samarbeidsrådet til hausten, når det no er valgår.
- Oppfordre Olav Håkon til å kontakte TINE og FK for politikarmøte gjennom samarbeidsrådet, evt samvirkeorganisasjonane invitere med Bondelaga.
- Konklusjon: Støttar forslaget i høyringsnotatet.

Olav  
Håkon

**Vedtak: Innspela frå AU vert oversendt organisasjonssjef.**

---

- 3 **Oppnemning av ressursgrupper**  
Forslag frå Sverre er Rigmor Hustad og Jørgen Baumfelder.

**Vedtak: AU oppnemner ressursgrupper i samsvar med forslag frå AU-medlemene.**  
**Oversikt ligg ved.**

- 4 **Orientering frå arbeidet i Råvare & Medlem region Midt**  
Brit Kari orienterte om grillkampanje på lam 8. juli utanfor butikkar, etter initiativ frå NSG. Fylkeslaga hadde frist i går til å kome med forslag om inntil 10 butikkar pr fylke. Nortura stiller med grillskiver av lam og profilermateriell, medan fylkeslaga organiserer.

Livdyrformidlarane har hatt ein del utfordringar med avsoksesongen, og det har kome nokre reaksjonar pga fått avsokse seint før beiteslepp. Skuldast at resultat frå kåringa var forseinka. Har gjeve større arbeidsbelastning for livdyr og mindre tilgjengeleight, samt ikkje så kostnadseffektiv køyring. Har evaluert med team storfe, og tiltak vert sett i verk til neste år.

Ligg elles på budsjettet med aktivitet på dei ulike fagområda.

Ingen spørsmål/kommentarar.

**Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.**

---

- 5 **Planlegge Regionutvalsmøte 7. – 8. november**  
Levende Landbruk-konferansen som var planlagt 6. – 7. november i Molde er avlyst. Forslag om RU-møte 7. – 8. november, med AU-møte 6. november om kvelden.

Innspel til strategiarbeidet vert gjort i kretsutvala i forkant av RU-møtet, for oppsummerande debatt.

Innspel:

- Aktivitetar som motiverer vil vere viktig del av møtet.
- Avklaring om kor stor del strategiarbeidet skal ha i møtet. Strategi for kvart dyrselag i regionen kan vere viktig tema. Regionale merkevarer kan vere tema. Gruppearbeid på mogelege konkretiseringar?
- Marknadsadgang og regionale merkevarer.
- Regional produksjon er avhengig av regional merkevarer.

- Klimaløysingar på gardsbruk kan vere tema.
- Kulturhuset i Stjørdal har gratis parkeringskjellarar.

**Vedtak: Brit Kari jobbar vidare med førebuingane.**

Brit Kari

---

6 **Eventuelt**

Olav Håkon etterspurde kurs frå Norsk Landbruksvirke: Internasjonalt kurs? Vert gjort om til tema mat og makt.

- Sverre er interessert i kurs.
- Brit Kari lagar oversikt over kurs og sender ut.

Brit Kari

Sverre ynskjer skriftleg utgreiing for prisen på stykningsdelar på storfekjøt sett opp mot handlingsromet innanfor tollregimet til produsent. Vise potensialet innanfor tollregimet, utan tollfrie importkvotar.

Oddveig

Ragnar etterspurde siste nytt i forhold til tomteval for Norsk Kylling?

Svar: Orkdal er valgt som nr 1 og Malvik som nr 2, val kjem an på tidsperspektiv på reguleringsarbeid.